



Full fart på Hildemors Dansesenter med Rigmor i fokus. (Foto: Berit Harriet Døssland)

Også i Uskedalen er nokon hekta på linedance. Rigmor og Mona Rasmussen og Berit Harriet Døssland hadde 11 nye dansar kokande i hovudet då dei kom heim etter "First line dance weekend" i Bergen.

Fredag kveld starta programmet med pastabuffet, to nye dansar og sosialdans på hotellet. Laurdag var det full fart i sju timar på Hildemors Dansesenter og deltakarane lærte åtte dansar. Deretter var det middag på hotellet og sosialdans ut i dei små timar.

Sundag føremiddag heldt det fram med repetisjon av dei dansane dei hadde lært pluss ein ny dans.

Frå dei andre bygdene i Kvinnherad var Hilde Skåla (Rosendal), Anne Kari Andersen (Rosendal), Odny Elise Storaas (Herøysund) og Laila Øvstebø (Sandvoll) med.



Mona i intens konsentrasjon på dansegolvet. (Foto: Berit Harriet Døsland)